



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Skjåk Turløyper
v/Kristen Dagsgard

28.01.2021

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
7-21

Høyringsuttale til oppkøring av skiløyper Grotli - Kjerringtjønnen - Hamsevike

I løyvet til Skjåk Turløyper om oppkøring av skiløyper er det gjeve løyve til oppkøring av: *Rundløype Grotli - Hamsevike - Kjerringtjønnen - Grotli med avstikkar til Viksvatnet*. Det er gjeve vilkår om at oppkøringa skal stanse dersom villrein trekker inn i området.

Det var gjennomført teljing av villrein i regi av villreinutvalet denne veka. Det vart registrert 78 dyr i området Hamsevika - Helleggi. Ein annen flokk på 162 dyr opphaldt seg oppe i Krosshøe.

Villreinnemnda og villreinutvalet har hatt dialog om oppkøring av skiløyper i dette området nå. Tiltrådinga vår er at Skjåk Turløyper ikkje bør køyre opp denne rundløypa i vinter. Dersom villrein trekker vekk frå området får ein eventuelt gjere ei ny vurdering.

På sikt vil det vera positivt å få på plass ei skiløype som knyter saman løypenettet på Grotli med nettverket frå Stuttgongen og austover. Da blir det truleg mindre aktuelt med skiløyper inn mot Kjerringtjønnen og innover etter gamle Strynefjellsvegen og dermed mindre ferdtsel i villreinområda.

Saksa frå løyvet til Skjåk Turløyper:

Vilkår:

1. Løyvet gjeld for sesongane 2019/20, 2020/21, 2021/22 og 2022/23, frå snøen legg seg om hausten, fram til og med fyrste helga i mai.
2. Køyring av løype nr 13 «Rundløype Grotli – Hamsevika – Kjerringtjønnen – Grotli med avstikkar til Viksvatnet», skal stanse dersom villrein trekker inn i området. I slike tilfelle kan berre delen Grotli – Hamsevika køyrast (utan rundløypa til fjells). Skjåk Turløyper skal kontakte villreinutvalget v/sekretær (for tida Knut Granum - 91795303) før køyring av denne rundløypa.



Helsing

Johan Berge
Leiar

Tor Taraldsrud
Tor Taraldsrud
Sekretær